



Vedtekter for Hareid Musikk og kulturskule

1. Alle som vil verte tekne inn som elevar ved Hareid Musikk og Kulturskule (seinare omtalt som H.M.K.) skal søkje på fastsett skjema, underteikna av føresette for born og ungdom under 18 år.
2. Skuleåret er inndelt i semester, haust/vår. Undervisninga i H.M.K. fylgjer skuleruta til grunnskulen.
3. Semesteravgifta vert fastsett av hovudutvalet. Det vert gjeve 15% moderasjon for ein familie med to eller fleire elevplassar. Elevbetaling vert å betale forskotsvis kvart semester.
4. I tillegg til semesteravgifta må elevane sjølve betale for lærebøker, notatar og undervisningsmateriell. Kostnadane til dette vil vere avhengig av aktivitet, instrument og nivå.
5. Søknaden og opptaket er bindande for skuleåret dersom ein får plass. Elevar som har fått plass treng ikkje søkje på nytt kvart skuleår. Om ein elev vil slutte, må elevplassen seiast opp skriftleg før 1. mai for påfølgande skuleår.
6. Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til, vil søkjarane verte prioriterte i denne rekkjefylgje: 1. Dei som står på venteliste frå i fjor, 2. etter alder. Ein må i tillegg, og til ei kvar tid vurdere kva skulen har lærarar til. Administrasjonen behandlar søknadane og tek inn elevar etter dei vedtektene som gjeld for opptak.
7. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vil verte sett på nummerert liste.
8. Opptak: Søknader vert motteke heile året, men søknadsfristen for opptak til heile skuleåret er ca. 15. mai, etter utlysing i lokalavisa. Når det gjeld elevar på gruppeundervisning, må dei søkje på vanleg måte, og vert ikkje prioriterte framfor andre søkjarar.
9. Om ein elev har fleire fråvær etter kvarandre utan melding, stadig møter ubudd til undervisninga eller viser dårleg åtferd, kan eleven misse plassen sin ved H.M.K. Administrasjonen tek avgjerd etter samråd med lærarar og føresette. Avgjerda kan ankast til levekårsutvalet.
10. Elevar med særleg interesse som gjerne vil ha undervisning på fleire instrument (to undervisningstimar), får høve til det, avhengig av lærarsituasjonen. Desse elevane må då betale dobbel elevavgift (-15%) Men om det er venteliste ved skulen, skal ein ved opptak prioritere dei som står på venteliste framfor dei som gjerne vil ha undervisning på fleire instrument.
11. Instrumentleige: H.M.K. har eit avgrensa tal instrument for utleige. Utleige skjer mot føresette si underskrift på eige instrumentutleigeskjema. Avgift er f.t. kr. 200,- per semester. Dersom instrumentet vert skadd, skal det straks meldast frå til H.M.K. Elev/føresette må sjølve betale for skaden om den skuldast vørdlaus eller dårleg behandling av instrumentet.
12. H.M.K. kan ved korttidssjukdom, der det er vanskar med å skaffe kvalifisert vikar, avlyse enkelte timar i året utan at skulepengar vert refunderte.
13. Eventuell klage på opptak, vert å sende til Område for skule innan 3 veker etter motteke svarbrev frå H.M.K. Klagenemnd: Levekårsutvalet.